



Meland Sokn  
Postboks 117  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2252 - 19/26263

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:  
17.12.2019

## Melding om manglande dykk septiktank - GBNR 16/31

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingsloven (forurl.) og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingsloven eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 21.11.2019 motteke melding frå Norva24 Vest AS om at det manglar dykk på innløpet i septiktanken på eigedommen dykkar. Manglande dykk kan føre til tetting av røret som går frå huset til tanken, som igjen kan føre til tilbakeslag inn i kjeller.

**Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.**

For å få utbetra septiktanken må de kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre dette arbeide.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

### **Tilbakemelding**

Når lekkasjen er reparert må de fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

**Mottakere:**  
Meland Sokn

Postboks 117 5906

FREKHAUG